



Stad kommune

Grunnlagsdokument planstrategi

Behov for nye planar i Stad kommune



Arkivsak: 19/741

Versjon dato: 13.11.2019

Innhald

1 Innleiing	2
2 Ny kommune	2
3 Planar for utvikling av samfunn og organisasjon.....	3
4 Planbehov og bakgrunn for val i planstrategien	3
Kommuneplanen sin samfunnsdel	3
Kommunedelplanar og temaplanar.....	3
Kommuneplanen sin arealdel.....	4
Nye kommunale reguleringsplanar	4

1 Innleiing

Stad kommune skal ha eit heilskapleg og langsiktig system for strategisk utvikling. Ny

kommune inneber at det vil bli utarbeidd nye planar.

2 Ny kommune

Plansystemet er omtalt i § 5 i forskrift om samanslåing av Eid kommune og Selje kommune til Stad kommune:

«Kommuneplanar og kommunedelplanar etter plan- og bygningslova kapittel 11, inkludert arealdelen, gjeld inntil dei blir erstatta av nye planar som blir vedtatt av nytt kommunestyre. Reguleringsplanar etter kapittel 12 i lova gjeld

inntil dei blir erstatta av nye planar eller at dei blir vedtatt oppheva.» Her kan vi sjå at planane i Eid og Selje vil gjelde til det vert vedteke nye planar. Bryggja er omfatta av plansystemet for Vågsøy kommune. For å få på plass eit felles plansystem vil det vere viktig å setje i gang med dei overordna planane så raskt som råd etter 1.1.2020.



Figur 1: Tre geografiske område – skal bli eitt geografisk område – tre planar blir ein plan

I første omgang vil det vere eit omfattande arbeid å få på plass dei overordna styringsdokumenta som kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Kommunedelplanane og temaplanane skal bygge på samfunnsdelen. I første omgang vil desse planane i stor grad bli utarbeidd med grunnlag i det beste frå dei eksisterande planane i Eid og Selje.

For Bryggja vil det vere viktig at det vert utarbeidd nye planar som også omfattar denne delen av kommunen.

I denne omgangen vil det bli prioritert å rydde i innhaldet i planane. Neste steg vil vere å redusere omfanget og talet på planar i stad kommune.

3 Planar for utvikling av samfunn og organisasjon

Det er utfordringar i samfunnet som ligg til grunn for at vi lagar planar. Vi ønskjer å gjere noko med det. Dei aller fleste planane er tufta på tverrfaglege utfordringar. Dette inneber at alle dei strategiske kommunalområda; areal og eigedom, oppvekst og opplæring, helse og omsorg, kultur og samfunn, må følgje opp planane.

Ved å arbeide inn FN sine berekraftsmål i planane vil vi sikre at også vi arbeider for å løyse dei store utfordringane.

I tillegg har vi behov for å ta tak for å aktivt legge til rette for at Stad kommune skal vere ein attraktiv stad å bu, å arbeide, å drive næring og å besøke.

4 Planbehov og bakgrunn for val i planstrategien

Framtida til Stad kommune må skapast i Stad kommune. Kva vi vel å gjere er difor viktig for korleis samfunnet vårt vil utvikle seg.

I planstrategien er det lagt til grunn at vi ønskjer aktivitet i heile kommunen. Samfunns målet for kommunesamanslåinga er som følgjer: Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag.

Stad kommune har avgrensa ressursar og kapasitet til å planlegge. Samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet og i regionen er difor viktig for å oppnå den utviklinga som vi ønskjer.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

For å kunne styre den nye kommunen i riktig retning er det behov for å få på plass kommuneplanen sin samfunnsdel. Arbeidet med verdiar og med visjon inn i mot nye Stad kommune vil bli tatt med inn i arbeidet med samfunnsdelen. Arbeidet som er gjort med utviklingsplan; stadutvikling, næringslivsutvikling og reiselivsutvikling vil også vere relevant i arbeid med samfunnsdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal setje mål for utvikling av kommunen. Her legg vi til grunn at FN sine berekraftsmål skal inngå. Stad kommune, som må vere aktive for å halde ved like folketalsutviklinga, må også prioritere å vere ei attraktiv kommune å bu i, å arbeide og drive næring i og å besøke. For nye Stad kommune vil det vere viktig å få på plass dei overordna målsettingane for utvikling av heile kommunen.

Kommunedelplanar og temaplanar

Fellesnemnd for Eid og Selje gjorde hausten 2017 vedtak om oppstart av eit felles utviklingsprogram for kommunane Eid og Selje, og framtidige Stad kommune. Som ein del av dette utviklingsprogrammet vart det vedtatt å utarbeide ein strategisk utviklingsplan med bu, arbeide og drive næring som overordna tema. Dette arbeidet har blitt følgt opp ved at kommunane gjennom Stad2020 har skaffa seg kunnskapsgrunnlag om og utarbeidd forslag til strategiar med delstrategiar for følgjande område; stadutvikling, næring og reiseliv.

Dette er planar som er vedtekne som grunnlag for nye Stad kommune. Det vert lagt til grunn at desse skal vidareførast. Tiltaksplan for sentrumsanalyse, for Nordfjordeid, og eventuelle tiltak etter sentrumsanalysen for Leikanger vil bli arbeidd inn i handlingsdel knytt til stadutvikling.

Ei av dei store utfordringane i samfunnet vårt er digitalisering. Dette er viktig både i samfunnet og organisasjonen. Nordfjord kommunane har hatt ein digitaliseringsstrategi. For Stad vil det vere viktig å følgje utviklinga og delta aktivt for å få nytte av digitaliseringa som skjer i samfunnet. Ei anna stor utfordring er klimaomstilling. Desse to strategiane krev stor kapasitet, då litt av formålet vil vere å skape nye tankar rundt desse utfordringane. Strategiarbeidet vert difor sett med oppstart først i 2022, fori vi då reknar med å vere i hamn med ein del av dei andre planane, og slik frå frigjort ressursar og kapasitet til dette arbeidet.

Stad kommune har behov for å få på plass ein del overordna temaplanar, slik som bustadsosial handlingsplan, plan for mottak av flykningar og integrering, rusmiddelpolitisk handlingsplan og handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar.

Kommunedelplan for oppvekst og kommunedelplan for helse og omsorg kan utarbeidast på grunnlag av eksisterande planar i Eid, då desse er av nyare dato og fagleg oppdaterte med satsingsområde som møter samfunnsutfordringane.

For å sikre vidare anleggsutvikling og trafikktrygging må det på plass kommunedelplanar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og kommunedelplan for veg og trafikktrygging.

Sykelstrategi, breibandstrategi og ENØK-plan bør og utarbeidast for heile kommunen. For å sikre trygg infrastruktur er det viktig å få ei

god planlegging av vatn, avlaup og overvatn. I første omgang er det behov for å få utarbeidd slike planar og for å gjere arbeidet meir overkommeleg. Det er difor lagt opp til å utarbeide dette som temaplanar.

Stad treng ein frivilligpolitisk plattform for heile kommunen. Denne må ligge til grunn for kommunen si kontakt med det frivillige.

Det er behov for å utvikle politikk innan kulturområdet. Det vert difor lagt opp til å utarbeide ein eigen kulturplan for Stad kommune. Kommunedelplan for kulturarv må utvidast til å også omfatte Bryggja. På sikt kan denne inngå i strategisk utviklingsplan.

SMIL-midlane må utdelast på grunnlag av ein strategi og er difor prioritert for å sikre vidare bruk av desse midlane i lokalsamfunnet.

Stad må ha ein del planar for å utvikle organisasjonen sett frå eit arbeidsgjevar perspektiv. Også kommunikasjon med samfunnet er viktig, det vert difor sett opp ein eigen kommunikasjonsstrategi.

Kommuneplanen sin arealdel

Det er viktig å legge til rette for utvikling gjennom å sørge for at det er sett av attraktive område for bustad og næring i kommunen sin arealdel. I dag vert arealbruken bestemt av arealdelen i Eid, arealdelen i Selje og arealdelen i Vågsøy. Desse arealdelane gjev ikkje like føringar. I tillegg er det no under utarbeiding ein kommunedelplan for sjøområda i Eid og Selje. For nye Stad kommune vil det vere viktig å få på plass ein oppdatert og heilskapleg arealdel som tilbyr attraktive areal av viktige arealformål som støttar opp om den utviklinga som vi ynskjer.

Nye kommunale reguleringsplanar

For å kunne tilby byggeklare tomter er det behov for å detaljregulere nye bustadområde. Bryggja og Haugen har behov for å få sett i gang slik planlegging. Behovet i dag er

attraktive tomter i gangavstand til skule. Dette dekker også behov for nærleik til fritidsaktivitetar.

Gang- og sykkelveggar knyter saman bygdene og gjev trygg skuleveg. Kommunen må bidra for å få bygd ut fleire gang- og sykkelveggar. Strekninga langs riksveg 15 Indre Røed til Stårheim er tidlegare prioritert av kommunestyret i Eid. I Selje har det vore

prioritert å få utbetra flaskehalsar på vegnettet, spesielt fylkesveg 620. For at Stad kommune skal kunne påverke politisk prioritering av midlar til utbygging må kommunen sjølv prioritere i eigen kommunedelplan for veg og trafikktrygging. Vidare må kommunen legge til rette for utbetring gjennom arealplanlegging, både i arealdelen og ved å bidra til detaljregulering.